

# Referat frå årsmøte for Sagvåg Bedehus & Sagvåg Indremisjon

Søndag, 27.01.2013, kl. 1900 Sagvåg bedehus.

Formann, Kjetil Harestad ønska velkomen ei forsamling på 15 personar.

Før årsmøtesakene hadde Kjetil Fyllingen andakt. Han talte om fellesskapet i forsamlinga. Som innleiing viste han ein andakt frå <http://preik.tv/> der Runar Landro talte om fellesskapet.

## Årsmøtesaker:

### 1. Val av møteiar

Kjetil Harestad vart vald.

### 2. Val av skrivar

Oddvar Andersland vart vald.

### 3. Årsmelding

Formann las årsmelding for arbeidsåret 2012. Sjå vedlegg.

Årsmelding vart vedtatt med fylgjande presisering:

Styret representerer styret for både Sagvåg bedehus og Sagvåg Indremisjon.

Årsmøtet er for både Sagvåg bedehus og Sagvåg Indremisjon.

Sagvåg bedehus er registrert med eige organisasjonsnr. 999052053. Bankkonti er knytta til Sagvåg bedehus.

Anna informasjon:

- Kasserar er ikkje på val.
- Møtekalender: Antall møter i frå andre organisasjoner er halvert i høve til tidlegare år.

### 4. Økonomi

Kasserer Rannveig Petterteig gjekk gjennom rekneskapet. Sjå vedlegg.

Økonomi vart framlagt og vedtatt

Anna informasjon:

- Revisorar er Gerd Lie og Dag Ove Fauskanger.
- Forslag til neste års regnskapsoversikt, er at det i tillegg til regnskapsåret, også vert ført opp førre årets summar pr postar.

### 5. Val

Valnemnd for nytt styre til periode 2013 var Jens Arne Stautland og Kåre A. Lie.

To av styremedlemene var ferdige med sin valperiode og det var:

Kjetil Harestad	tek ikkje mot attval.
Kjetil Fyllingen	tek mot attval.

Nye kandidatar til styret:	Solfrid Helland
	Else Beth Bjønnvik

Desse tre vart valde:	Kjetil Fyllingen (2 år) Solfrid Helland (2 år) Else Beth Bjønnvik (1 år)
Står vidare frå før:	Rune Petterteig (1 år) Tormod Stautland (1 år) Oddvar Andersland (1 år)
1. varamann:	Else Beth Bjønnvik (1 år)
2. varamann	Kåre A. Lie (1 år)
Revisorar:	Attval på Dag Ove Fauskanger og Gerd Lie
Valnemnd:	Jens Arne Stautland og Kåre A. Lie
Styret konstituerer seg sjølve.	

## 6. Rapportar frå dei ulike laga

Lag	Leiarar	Kommentar
Torsdagsklubben	Solfrid Helland Eldrid Espeland	10-12 ungar, pluss vaksne
B.Kids	Elisabeth Fauskanger, leiar Lillian Kårbø Randi Matre	Ca. 20 stk
Torsdagsope	Gunvor Andersland, leiar Tormod Stautland Bjarte Teigen (vår) Anne Elisabeth Trevland (haust)	Ca. 20 stk
Ope Hus	Rune Petterteig, leiar Laila Teigen (vår) Else-Beth Bjønvik Kjartan Myhre Silje Fyllingen (haust) Kjetil Fyllingen (haust)	Ca. 10 stk
Fredag Kveld	Brynhild Stautland, leiar	Gilde samvær. Kunne vore fleire.
Vi over 60	Hans Rolfsnes, leiar Sverre Gjøsæther m/fleire	30 - 40

Generelt så er inntrykket at alle laga arbeider godt med regelmessige møter. Styret er svært takksame til dei som er med å driv desse laga og legg med mykje arbeid bland born, ungdom og vidare oppover til dei eldre.

## 7. Samtale om arbeidet

Under samtale om arbeidet kom det fram ulike forslag som styret kan vurdere vidare:


- a) Vaskeliste. Forslag om at vaskeliste vert ordna slik at det annakvar veke vert vaska, og veker i mellom vaskeveksler vert det kun tilsyn.
- b) Annonsering. Bedehuset må betre nytta høvet til gratis annonsering. Kunngjering i kyrkja (kontakta Kykjekontoret), på [www.stordnytt.no](http://www.stordnytt.no), facebook og plakatar Kiwi Sagvåg.
- c) Bør vi ha ei utvendig veggtafle på bedehuset med programoversikt?
- d) Kva er status for huset?
  - Ingen kjente løft som skal gjerast.
  - Handikaptoalett er sakna.
- e) Parkering ved større arrangement. Kan oppstå farlege situasjonar ved inngangsparti pga parkerte bilar, inn/ut kjøring.  
Forslag:
  - Setja opp skilting om parkering
  - Utelys på bakside av huset
  - Asfaltering rundt huset
- f) Viktig å støtta opp om økonomisk støtte til Samskipnaden. Sagvåg bedehus får god talarhjelp.
- g) Utleige. Kor mange utleiger har det vore? Er pris rett?
  - Få private utleiger i 2012.
- h) Forslag om kjølerom i høve med utleige. Alternativt til kjølerom er eit stort kjøleskap, for eksempel byte ut eit skap i småsal, eller plassera kjøleskap i kjellaren.  
Må vurdere å auka leigepris om investering i kjøleskap.
- i) Er det gamle orgelet som står i småsalen i bruk? Må vurderast seljast. Orgel i storesalen er i ustand. Vurdere å førespørje Nysæter kyrkje om å låna orgelet som kyrkja har ståande.
- j) Ha samlingar med utgangspunkt i lagsarbeid for å trekkja nye folk inn.  
Laga samlingar som famnar vidt.
- k) Mat julefest. Forslag om at det vert kjøpt inn kringle i staden for at folk tek med seg mat.
- l) Bestilling av «Forsamlingshelg» er ikkje gjort.

Referent: Oddvar Andersland

Korrekt referent:

  
-----

Rune Petterteig

  
-----

Kåre A. Lie